

ARKIVKATALOG

FOR

RØLDAL KOMMUNE

1838 - 1963

INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND 2006

INNHALD

KAPITTEL 1: INTRODUKSJON TIL ARKIVKATALOGEN

	Side
1.1 Innleiing	1
1.2 Arkivfagleg rettleiing	1
1.2.1 Nokre arkivfaglege termar	1
1.2.2 Ordning og registrering av arkiva	1
1.2.3 Norsk ålment arkivskjema	2
1.2.4 Klausulert materiale i kommunale arkiv	2
1.2.5 Bruk av kommunale arkivsaker	3
1.2.6 Korleis finna fram i arkiva	4

KAPITTEL 2: ADMINISTRASJONSHISTORISK OVERSYN OG ARKIVOMTALE

2.1 Røldal kommune	6
2.2 Politiske og administrative organ i Røldal komune	6
2.3 Kommunestyre og ordførar	7
2.4 Ordførar i Røldal 1838 – 1964	7
2.5 Møtestad	8
2.6 Administrasjon	8
2.7 Sosiale oppgåver	8
2.8 Skule	9
2.9 Kultur og kyrkje	9
2.10 Kornmagasinet og Sparebanken	10
2.11 Elektrisitet	10
2.12 Kommunesamanslåinga	10

KAPITTEL 3: ARKIVLISTER

OVERSYNSLISTE OVER ARKIVET	12
----------------------------------	----

SENTRALADMINISTRASJON

021 Røldal formannskap	16
035 Byggjenemnd for kommunale bygg	26
043 Formannskapet / veginteressentar	28

ØKONOMI

121 Røldal heradskasse	29
123 Røldal skulekasse	43
131 Røldal kommunerevisjon	44
142 Røldal likningsnemnd	45
181 Røldal heradskommisjon	49

UNDERVISNING

211	Røldal skulestyre	50
231	Skulekrinsar og skular i Røldal	58
268	Røldal Bygdeboknemnd	61
275	Røldal folkeboksamling	62

SOSIALE OPPGÅVER

311	Røldal sokn fattigstyre / forsorgstyre	63
315	Røldal husmorvikarnemnd	69
317	Røldal barnevernsnemnd	70
352	Røldal trygdekasse	71
354	Røldal trygdenemnd. Alderstrygdnemnd	72
355	Røldal barnetrygdnemnd	76

HELSEVERN

461	Røldal arbeidsnemnd (Arbeidstilsynet)	77
-----	---------------------------------------	-------	----

TEKNISKE OPPGÅVER

571	Røldal elektrisitetsnemnd	78
572	Røldal og Øvre Suldal kraftlag	80

NÆRINGS- OG RESSURSFORVALTNING

610	Røldal småbruks- og bustadnemnd	86
621	Røldal jordstyre	87
661	Røldal kornmagasin	88

RETTSVESENET

812	Røldal overformynderi	89
-----	-----------------------	-------	----

KRISE- OG REGULERINGSTILTAK

840	Røldal provianteringsråd	97
-----	--------------------------	-------	----

KAPITTEL 1: INTRODUKSJON TIL ARKIVKATALOGEN

1.1 INNLEIING

Denne katalogen gjev oversikt over innhaldet i arkivet etter Røldal kommune i tidsrommet 1838 – 1963.

Arkivet har tidlegare vore plassert i rådhuset i Odda kommune. Kring 1990 vart det som då fanst av arkiv etter Røldal kommune henta inn av Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) for ordning og registrering. Arkivmaterialet vart i tida 1991 – 1992 ordna og registrert av arkivarar ved IKAH, og førebels arkivkatalog vart utarbeidd.

I 1993 vart arkivet returnert til Odda kommune, og stilt opp i reolar i fjernarkivet. Seinare har det kome inn til Odda kommune ymse arkivmateriale etter Røldal kommune. I 2006 vart dette ordna og registrert i Odda av IKAH og innlemma i det tidlegare ordna arkivet. Arkivlister over den enkelte arkivskapar, arkivseriane og arkivstykke med ytterår ligg no føre. Arkivet er registrert i tekstbehandling. Totalt er det ordna og registrert 11 hyllemeter.

Arkivet er plassert i Odda kommune sitt arkivdepot.

1.2 ARKIVFAGLEG RETTLEIING

1.2.1 *Nokre arkivfaglege termar*

I arkivkatalogen har vi nytta vanleg arkivfagleg terminologi, og vi skal her kort gjera greie for dei viktigaste omgrepa vi har brukt.

Ein **arkivskapar** er ei administrativ eller forretningsmessig eining, ein organisasjon eller person som skapar eller har skapt arkiv gjennom verksemda si. I kommunal forvaltning kan t.d. folkevalde organ, etatar, kontor, skular og institusjonar opptre som arkivskaparar.

Eit **arkiv** inneheld det materialet (t.d. protokollar og dokument) som er skapt av eller har kome inn til ein arkivskapar, og er samla som ein lekk i verksemda til arkivskaparen. Arkivet vil difor gje eit spegelbilete av arkivskaparen si verksemd.

Dei einskilde arkiva vil vera delt inn i **arkivseriar**. Ein arkivserie er ein del av eit arkiv som er ordna etter eit eige system, har ein eigen funksjon eller eit spesielt innhald. Norsk ålment arkivskjema gjev eit oversyn over dei viktigaste arkivseriane og gjev ein standard for rekkjefølgja for seriane i eit arkiv. Vi viser elles til innhaldsregisteret.

Arkivseriane vil vere delt i **arkivstykke**. Eit arkivstykke er ei fysisk eining i ein arkivserie, vanlegvis ein arkivboks eller ein protokoll.

1.2.2 *Ordning og registrering av arkiva*

Ein grunnleggjande regel for all arkivordning er at vi skal følgja *proveniensprinsippet* (*opphavsprinsippet*). Dette betyr at arkiv som er skapt av ein arkivskapar skal haldast samla og ikkje slåast saman med andre arkiv, og at den opphavlege ordninga til arkivet skal bevarast. Dette vil seia at vi skal ta vare på eit arkiv i sin opphavlege skipnad, sjølv om arkivskaparen (t.d. eit kommunalt organ) blir lagt ned eller slått saman med andre.

Vi har likevel modifisert proveniensprinsippet på eit område i denne katalogen:

- Arkiva etter dei ulike skulekrinsane og skulane er ført opp samla som ein arkivskapar, som vi har kalla "einskildskulane i Røldal"

Desse modifiseringane er gjort for å gjere det lettare for brukarane å få oversikt over materialet. Både røyste- og skulekrinsar har skifta gjennom åra og same protokoll har ofte blitt nytta av fleire krinsar. Om vi hadde følgd proveniensprinsippet slavisk for desse arkiva,

ville det bli vanskeleg å orientere seg i katalogen.

I katalogen er arkivskaparane sett opp systematisk etter forvaltningsområde: Val, overordna styring (formannskap), økonomiforvaltning, skule og kultur, sosiale tiltak, helseteneste, tekniske oppgåver, næringsliv, forsvar og vernebuing, rettsstell og krise- og reguleringstiltak. Arkivskaparane er registrert med **arkivskaparkodar** som syner tilknytninga til forvaltningsområde. Desse arkivskaparkodane er utarbeida av Interkommunalt arkiv i Hordaland. Eit oversyn over desse finn du i innhaldsregisteret og oversynslista.

Systematikken i katalogiseringa er eins: Kwart arkivstykke er registrert med eit løpenummer i tilknytning til arkivskapar og arkivserie (sjå norsk ålment arkivskjema, nedanfor). Den første møteboka til formannskapet i Røldal kommune er 021-Aa.1. Dette vil vere ein unik referanse.

Som ein del av ordningsarbeidet har materiale utan historisk eller rettsleg verdi blitt *kassert*, dvs fjerna frå arkiva og øydelagt. Dette gjeld i første rekkje mangfaldiggjort materiale som har kome utanfrå (trykte publikasjonar og rundskriv frå sentrale statlege organ, reklame og salstilbod o.l.), men og materiale som er laga i kommunen (som t.d. rekneskapsvedlegg). Det er i hovudsak materiale som skriv seg frå tida etter 1950 som er kassert.

1.2.3 Norsk ålment arkivskjema

Arkivseriane i einskildarkiva er ordna og stilt opp etter norsk ålment arkivskjema. Dette er ein standard for rekkjeordninga av arkivseriane som blir nytta av statlege og kommunale arkivinstitusjonar. Rekkjeordninga går fram av faste bokstavsignaturar for dei viktigaste seriane:

- A Møtebøker, referatprotokollar, forhandlingsprotokollar o.l.
- B Kopibøker
- C Postjournalar og andre overgripande register
- D Saks- og korrespondansearkiv ordna etter arkivskaparen sitt hovudsystem
- E Saks- og korrespondansearkiv ordna etter andre, sideordna system
- F - O Reservert for spesialseriar innanfor arkivskaparen sitt fagområde
- P - Personalforvaltning
- Q Eigedomsforvaltning
- R Rekneskap
- S Statistikk
- T Kart og teikningar
- U Foto, film, lydopptak
- V EDB og mikrofilm
- W Gjenstandar (stempel, modellar, faner)
- X Eigenproduserte trykksaker
- Y Diverse
- Z Referansmateriale (arkivlister, instruksar, avisutklipp)

Når det i eit arkiv finst fleire seriar av same type blir desse skilde frå kvarandre med små bokstavar etter hovudsignaturen, t.d. *Aa, Ab, Raa, Rab*.

1.2.4 Klausulert materiale i kommunale arkiv

Delar av sakstilfanget i kommunale arkiv er ikkje offentleg tilgjengeleg. Reglar i forvaltningslova og ymse særlover har fastsett at visse saksområde skal vere klausulert, dvs. underlagt teieplikt i eit visst tidsrom.

Her følgjer eit oversyn over dei viktigaste saksområda med klausuleringstid:

Arbeidskontor: for personsaker	60 år
Arbeidstilsyn, "stedlig fabrikktilsyn": arbeidstilsynsaker	60 år
Adopsjonssaker	100 år
Barnevernsaker	80 år
Farskap- og barnebidragsaker	80 år
Forliksråd: saker for stengde dører	60 år
Forsyning- og vernebuingsaker	60 år
Likningskontor: sjølvmeldingar og kladdelister	60 år
Overformynderi: verjemålsaker for stengde dører	60 år
Pasientjournalar	80 år
Skule: elevsaker	60 år
Sosialkontor, forsorgstyre, fattigstyre: klientsaker	60 år
Valmanntal: avkryssa valmanntal	60 år

Personregister som er konsesjonspliktige etter personregisterlova er underlagt teieplikt til personen saka gjeld er død.

Kommunen er forplikta å til å følgje desse klausuleringsreglane når arkivmaterialet skal brukast. Dette gjeld både brukarar utanfrå og tilsette i kommunen, når desse ikkje har krav på opplysningane med heimel i lov.

1.2.5 *Bruk av kommunale arkivsaker*

Kommunale arkiv som er skapt etter 01.01.1971 er opne for innsyn etter reglane i offentlegheitslova. Desse reglane gjeld i prinsippet ikkje for kommunale arkiv som er skapt før 1971, men dei bør likevel vere retningsgivande for innsyn i slike arkiv.

Etter forvaltningslova gjeld regelen om partsinnsyn, dvs. at ein part i ei forvaltningssak har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Denne retten gjeld uavgrensa i tid.

Det er to viktige avgrensingar i innsynsretten:

- Innsynsretten gjeld ikkje for opplysningar som er underlagt teieplikt etter forvaltningslova. Teieplikta gjeld for "noens personlige forhold", tekniske innretningar og framgangsmåtar og drift- og forretningsforhold som kan ha konkurransemessige konsekvensar. Teieplikta gjeld som hovudregel i 60 år, med unntak av barnevernsaker og adopsjonssaker som har teieplikt på respektive 80 år og 100 år.
- Innsynsretten gjeld heller ikkje interne dokument (dokument som eit organ har utarbeida for si interne saksførebuing), opplysningar som kan få følgjer for rikets sikkerhet og opplysningar det er utilrådeleg at ein person får kjennskap til, av omsyn til eiga helse og tilhøvet til personar som står vedkommande nær (slike opplysningar kan likevel gjerast kjent for fullmektig for den det gjeld).

Forskarar - dvs. personar med vitskapleg stilling innanfor relevant fagområde, eller ein person under rettleiing av ein med ei slik stilling - kan få tilgang til materiale underlagt teieplikt etter vedtak av vedkommande fagdepartement. Vedkommande må sjølv søkje departementet om innsyn. Når studentar/skuleelevar tingar materiale, skal det følgja med stadfesting frå lærar/rettleiar.

Eit vilkår for å få innsyn i arkiva er at brukaren identifiserer den aktuelle saka, t.d. med hjelp av arkivkatalog eller postjournal. Forespørsel om innsyn bør vere skriftleg (sjå vedlegg). Søknaden skal gjere greie for

- kva arkiv og kva slags opplysningar ein vil ha innsyn i
- formålet med innsynet
- evt. skriftleg fullmakt når ein person søker om innsyn på vegne av ein annan
- evt. heimel for innsynet, når den som krev innsyn meiner å ha rettsleg krav på opplysningane

Arkivmateriale som det er gitt innsyn i, må nyttast på den plassen arkivbrukaren har fått seg tilvist. Det er ikkje høve til å låne arkivmateriale ut av kommunehuset. Før ein får tilgang til materialet skal arkivbrukaren skriva under ei fråsegn om at han/ho er kjend med gjeldande reglar for bruk av arkivmateriale. Den som har hatt ansvaret for ein ekspedisjon er også ansvarleg for at materialet blir sett på rett plass etter bruk.

Kvar arkivbrukar skal skriva under ei fråsegn om at han/ho er kjend med gjeldande reglar for bruk av arkivmateriale:

"Underskrivne stadfestar med dette at eg er kjend med ansvaret med å bruka arkivsaker, og at eg kjenner reglane for bruk og lån av arkivsaker frå kommunen. Vidare lovar eg å ikkje bruka og/eller la offentleggjere opplysningar som på nokon måte kan vera krenkjande eller på annan måte til skade for einskildpersonar eller grupper av menneske (jfr. forvaltningslovas § 13)."

1.2.6 Korleis finne fram i arkiva?

Det er særleg to hjelpemiddel som kan brukast når ein vil finne fram i arkiva:

Arkivkatalogen, som inneheld register over alle delane av arkiva, og dei interne registra som kan finnast i kvart einskild arkiv.

Arkivkatalogen gir eit oversyn over strukturen og innhaldet i dei kommunale arkiva. Normalt gir katalogen eit oversyn på arkivstykknivå, slik at ein kan få oversyn over protokollane og arkivboksane i eit arkiv. Katalogen vil vanlegvis også gi oversyn over dei einskilde mappene i større saksarkiv.

Når katalogen ikkje gir tilstrekkelege opplysningar til å finne fram til ei sak, må ein bruke dei interne registra i arkiva, vanlegvis postjournalen eller eventuelt kopibøkene. Saksgangen i kommunale organ har frå starten av vore slik:

- Inngåande brev vart registrert i *postjournalen*, med opplysningar om mottaksdato, avsendar, innhald og som oftast korleis brevet har blitt følgt opp. Når det vart ført i journalen, fekk brevet eit journalnummer, som var samansett av eit løpenummer og årstalet. Journalnummeret vart vanlegvis ført på brevet, øvst i høgre hjørne. Postjournalen inneheld såleis ei kronologisk oversikt over inngåande korrespondanse, men ofte også over utgåande brev.
- Saksbehandlinga av inngåande brev skjedde fram til 1950-talet hovudsakleg i møta i dei kommunale organa. Det administrative apparatet var lite utbygd i dei fleste kommunane før 60-talet, og det vart sjeldan skrive formelle tilrådingar og framlegg til vedtak. Formannen i organet la kanskje fram ei munnleg tilråding og eit framlegg til vedtak. Det endelege vedtaket og saksomtale vart ført i *møteboka*. Møtebøkene (forhandlingsprotokollane) inneheld referat frå møta i kommunale styre og utval. Referata er ført kronologisk, og vanlegvis vil vi finne ein kort saksomtale og eit vedtak for kvar sak.
- Etter møtet vart vedtaket ekspedert som brev (seinare ei særutskrift) til den saka gjaldt. Kopi av brevet vart ført i *kopiboka*. Kopibøkene inneheld kopiar eller samandrag av utsende brev. Dei eldste kopibøkene er innbundne protokollar som gjerne inneheld

fullstendige brevreferat. Rundt hundreårsskiftet vart det etter kvart vanleg å skrive samandrag av breva. Seinare har vi fått gjennomslag og fotostatkopiar. Kopibøkene er ført kronologisk.

- Det innkomne brevet og ein kopi av det utgåande, saman med eventuelle andre skriv i saka, vart lagt i *saksarkivet*. Saksarkivet har opp gjennom åra vore ordna på ulike måtar. Den opphavlege ordninga var kronologisk, slik at breva vart lagt i arkivet etter dato, eller bygde på breva sine journalnummer, slik at desse vart lagt fortløpande etter dei nummera dei fekk i postjournalen. Seinare vart det vanleg å skilje ut korrespondanse som handla om større saker, og slik utvikla det seg ein serie med "pakkesaker" ved sida av dei vanlege journalsakene. På 1920-talet hadde ein i dei fleste kommunar fått utvikla ein alfabetisk emneordna serie, i tillegg til eller som erstatning for journalsakene. Denne emneordninga vart etter kvart utvikla til systematiske arkivsystem, som erstatta emneorda med arkivkodar og samstundes grupperte emna slik at like saker vart arkivert nær kvarandre i arkivet. "Roalds arkivsystem" frå 1930-talet og "Norsk herredsforbunds arkivplan" frå 1951 er dei mest kjende kommunale arkivnøklane.
- Dersom eit vedtak vart følgt opp med ei utbetaling vil vi finne tilvising av denne i organet si tilvisingsbok.

Om ein brukar postjournalen for å finna fram til ei sak, skal ein vere klar over at det ofte kan vere slik at journalen berre kan stadfesta at eit brev har kome inn. Arkivet frå den aktuelle perioden kan heilt eller delvis ha gått tapt, slik at brevet ikkje vil vere å finna. I slike tilfelle kan ein likevel med hjelp av dei opplysningane ein har fått om tidspunktet brevet kom inn, leita etter saka i møtebøkene og etter svarbrev i kopiboka, eventuelt etter ei utbetaling i tilvisingsboka. Dersom eit brev verkeleg har blitt behandla som sak i organet, vil ein som oftast finna noko ein av desse stadene.

Fleire av arkiva er mangelfulle og det er klart at mykje arkivmateriale har gått tapt.

Tidlegare var det ofte slik at arkivet til eit kommunalt organ vart oppbevart heime hjå den som var formann for organet. Det kan difor finnast kommunalt materiale i private heimar. Vi vil understreka at slikt materiale er kommunen sin eigedom, jfr. lov om arkiv § 9. Vi vil oppmoda dei som sit med kommunalt materiale eller kjenner til kor slikt finst, om å ta kontakt med arkivtenesta i **Odda** . kommune.

KAPITTEL 2: ADMINISTRASJONSHISTORISK OVERSYN OG ARKIVOMTALE

2.1 RØLDAL KOMMUNE

(Forfatta av Anne Hilde Nagel v/ IKAH 1993)

Røldal vart eige formannskapsdistrikt i 1838 under Søndre Bergenhus amt, som i 1919 bytta namn til Hordaland fylke. Kyrkjeleg var Røldal sokn under Suldal fram til 1848, og geografisk sett høyrer Røldal til Rogaland, ettersom heile bygda har avløp til Suldalsvassdraget. Men i 1848 vart likevel Røldal eige prestegjeld og ført over frå Stavanger amt til Søndre Bergenhus amt også kyrkjeleg. (Innstilling II s.242). Så lenge Røldal var eigen kommune vart grensene ikkje endra. I 1963 vart Røldal slått saman med Odda kommune, og frå 1964 har Røldal vore eit sokn og eit prestegjeld i Odda kommune.

Røldal kommune hadde eit areal på 718,53 km². Folketalet auka mykje i første delen av 1800-talet, og steig frå 393 i 1801 til 928 i 1865 (Dalen s.165). I 1930 var innbyggjartalet 739, i 1946 778, i 1950 715 og i 1959 568 (Tilråding s.8). I 1980 budde det 606 personar i Røldal.

Folkesetnaden har mest vore konsentrert nord for Røldalsvatnet (363-380 moh), som ligg sentralt i bygda. På båe sider av vatnet er det høge fjell, dels med isbrear på. Sandfloegga (1719 moh) er det høgste fjellet i kommunen, og Breifonn på grensa til Rogaland ligg lengt sør av alle brear i landet.

Jordbruket er hovudnæringa. I tillegg kjem kraftverksemd. Røldal-Suldalsvassdraget er sterkt utbygd til kraftformål, i Røldal no i alt 221 MW maks.yting. Valldalsdammen i Røldal er 90 m høg og 240 m lang, og er ein steinfyllingsdam med morenekjerne. Røldal har òg mykje turisttrafikk. Hovudsambandet mellom Austlandet og sørlege delen av Hordaland og nordlege delen av Rogaland går gjennom Røldal. Elles er Røldal kjent for kyrkja si, ei mellomalderkyrkje frå slutten av 1100-talet, med altartavle og preikestol frå 1600-talet. Der finst eit krusifiks som skal ha lækjande verknad. Det er kjent at det vart halde messar i løyndom om sankthansnatta for pilegrimar og sjuke heilt fram til 1835.

2.2 POLITISKE OG ADMINISTRATIVE ORGAN I RØLDAL KOMMUNE

LOVVERKET FOR KOMMUNANE

Det lokale sjølvstyret vart knesett som prinsipp i Norge med formannskapslovene av 1837. Det var ei lov for byane og ei for landdistrikta. Dei delte landet inn i formannskapsdistrikt, det vil seia kommunar, som skulle styrast av folkevalde organ. Det var kommunar før 1837 også, t.d. vegkommunar, fattigkommunar, skulekommunar og tinglagskommunar. Dette var offentlege, avgrensa fellesskap som hadde til formål å løysa særskilde oppgåver, slik definisjonen på ein kommune gjerne er. Det viktige nye som skjedde i 1837 var opprettinga av einsarta folkevalde styringsorgan over heile landet for dei lokale forvaltingsområda. Desse organa vart kalla formannskap, seinare by- og kommunestyre eller kommunestyre.

Dei viktigaste lovene for kommunane:

1837 14.januar	Formannskapslovene. Lova for landdistrikta trådte i kraft frå 1.januar 1838.
----------------	--

1921 30.september	Lover om kommunestyre på landet og i byane
1938 10.juni	Lover om kommunestyre på landet og i byane
1940 21.desember	Forordning om endringer i kommunelovane av 1938
1954 12.november	Lov om styret i kommunane (felles lov for by og land)

2.3 KOMMUNESTYRE OG ORDFØRAR

Frå 1838 vart kommunestyra samansette av formenn og representantar, valde kvar for seg ved kommunevalet. Både formenn og representantar hadde ei funksjonstid på 4 år. Til 1899 var det val annakvart år på halvdelen av medlemene i kommunestyret. Ordførar og varaordførar vart valde av og mellom formennene, og fungerte i 2 år. Frå 1880 vart ordføraren valt mellom formennene i samla møte mellom formennene og representantane. Sidan 1899 vart heile kommunestyret valt samstundes, og formennene valde av og innan det samla kommunestyret. Valbolken vart sett til 3 år. Under okkupasjonstida skulle ordførar og varaordførar utnemnst av fylkesmannen i samråd med NS-fylkesfører. Formannskapet skulle berre ha rådgjevande funksjon, medan ordføraren fekk ansvaret for kommunen. I Røldal skulle dei som var valde til kommunestyret i 1937, vore skifta i 1940, men etter påbod ovanfrå vart det slik at ordføraren og varaordføraren skulle fungera vidare frametter. Dessutan skulle seks av dei tidlegare representantane halda fram med tittel av formenn. Det vart halde val på nytt kommunestyre i Røldal hausten 1945. Frå 1947 vart valbolken 4 år att.(Dalen s.164)

Talet på medlemmer i kommunestyret vart frå starten fastsett av amtmannen, i perioden 1921-1953 var det fylkestinget som fastsette storleiken på kommunestyret, medan kommunestyret etter kommunelova av 1954 skal fastsetja talet sjølv. Talet på medlemmer i kommunestyret i Røldal var fyrst 12, frå 1956 13. Det var 3 formenn.(Dalen s.164)

2.4 ORDFØRARAR I RØLDAL KOMMUNE 1838 – 1964

1838-1841	Bonde Helleik N. Rabbe
1842-1843	Klokkar Nils A. Hamre
1844-1849	Klokkar Ola J. Tufte
1850-1851	Bonde Helleik N. Rabbe
1852-1853	Klokkar Ola J. Tufte
1854-1855	Bonde Svein O. Berge
1856-1861	Klokkar Ola J. Tufte
1862-1865	Bonde Eivind Berge
1866-1867	Sersjant Ola Hårenæs
1868-1869	Bonde Eivind Berge
1870-1871	Bonde Ola O. Hagen
1872-1873	Sersjant Ola Hårenæs
1874-1877	Bonde Eivind Berge
1878-1879	Sersjant Ola Hårenæs
1880-1891	Bonde Ola U. Hamre
1892-1899	Sokneprest P. Ringdal
1900-1901	Furer U. Seim
1902-1907	Bonde Åsmund Tvedt
1908-1913	Postopn. Ola O. Gryting
1914-1919	Handelsm. H.N. Prestegård
1920-1925	Bonde Jakob Å. Tveit
1926-1928	Handelsm. H.N. Prestegård

1929-1931 Bonde Jakob Å. Tveit
 1932-1934 Handelsm. H.N. Prestegård
 1935-1942 11.08. Bonde Nils G. Grave
 1942-1945 Bonde Nils Medhus
 1945 09.05-11.08. Kasserar Nils Øverland
 1945 12.08-31.12. Bonde Nils G. Grave
 1946-1948 Handelsmann Olav N. Tufte
 1949-1951 Likningssekretær Obert Øverland (V)
 1952-1955 Arbeidar og bonde Nils K. Hagen (AP)
 1956-1959 Obert Øverland (V)
 1960-1962 Ingvald Ødegård (AP)
 1962-1964 Nils Medhus (SP)

2.5 MØTESTAD

I den fyrste tida etter at det kommunale sjølvstyret var innført fanst det korkje skulehus eller andre kommunale møtehus i Røldal. Møta i kommunestyret vart haldne i privathus. Etter at borgarstova var ferdig i 1872, vart kommunestyremøta mest haldne der. Då skulen i Kyrkjekrinsen vart ombygd, vart ein av skulesalane tekne i bruk til møterom for kommunen.

Kommuneinndelingskomiteen melde i (1957), at Røldal då ikkje hadde eige kommunehus, så kontora for den kommunale administrasjonen held til hjå vedkommande tenestemann, og såleis var spreidde. Det var utarbeidd planar for nybygg, som elles skulle vera samfunnshus med møtesalar, skulekjøkken og ha plass til dei kontora som det var trong for. Det vart avsett 40 000 kroner til kommunehuset (Førebels s.96-97). I 1961 meldte komiteen at kommunen hadde kjøpt eit hus og innreia det for dei kommunale kontora. (Tilråding 132-133)

2.6 ADMINISTRASJONEN

Etter kommunelova av 1921 skulle kommunane ha faste stillingar som rådmann, kommunekasserar og formannskapssekretær. Vidare hadde kommunen høve til å skipa nemnd for faste eller kortvarige oppgåver. Lova inneheld og reglar om styring og rekneskap for kommunale føretak. I dei vanskelege økonomiske åra i mellomkrigstida, vart det vedteke krise lover for perioden 1923-1937, som sytte for at kommunar vart sett under statleg administrasjon dersom dei ikkje kunne oppfylle dei økonomiske pliktene sine. Under nyordninga i okkupasjonstida vart rådmannen direkte underlagt fylkesmannen/innanriksdepartementet.

Om dei administrative stillingane fortel innstillinga i 1961 at kommunekasserar og likningssjef var tilsett i attåtstilling, og at ordføraren var sekretær for formannskapet (Tilråding s.132-133).

2.7 SOSIALE OPPGÅVER

Fattigstellet. Frå 1837 vart Røldal eigen fattigkommune. Dei fyrste åra etter formannskapslovene vart det sett på som den viktigaste oppgåva til kommunen å syta for midlar til fattigstellet. Midlane var små, og arbeidet til kommunen arbeid dei fyrste 20 åra er prega av sparsemd.

Etter den nye fattiglova frå 1845 skulle fattigkommisjonen veljast av kommunestyret for 4 år. På første møtet i den nye kommisjonen vart det gjort vedtak om å dela soknet i tre

krinsar: Kyrkjekrinsen, frå øvre enden av bygda ned til Tufteelva og ut til Grytøyelva, Hårakrinsen med gardane Seim, Hamre, Håraned, Håra, Ekkjevika, Ekkje, Grytøyo og Bratteteig, og Lonekrinsen med gardane Odland, Botnen, Lono, Hegerland og Selland. For kvar krins vart det vald ein tilsynsmann.

Lovendring i 1863 gjorde slutt på omgangslegda. Men i Røldal heldt dei fram med legdsordninga, og kvar haust tillyste fattigkommisjonen møte, der dei fattige vart sett bort til dei som tok dei for minst betaling.

I 1900 vart det vedteke ny lov om fattigstell. Fattigkommisjonen skulle no heita fattigstyre, og vera samansett av så mange som kommunestyret fann høveleg. Eit medlem skulle vera kvinne, og presten skulle framleis vera med. Formann og varaformann skulle veljast av og mellom styremedlemene. (Alt dette Dalen s.172-174)

På 1800-talet var det fleire folk i bygda enn ho kunna fø i dårlege år. Kring 1840 vart Røldal Hjelpfond skipa, då damer frå Bergen samla saman 50 spd og sende dei til stiftamtmanden til hjelp for dei fattige i Røldal. Tiltaket vart støtta av amtmannen og fleire (Dalen 166). Kommunestyret søkte frå 1846 økonomisk hjelp til å greia fattigutgiftene, og fekk i nokra år hjelp frå amtet og lån frå statskassa, som m.a. vart nytta til å kjøpa geiter til fattigfolk (geitalånet). Mot slutten av 1850-åra synest det å ha kome betring i den økonomiske situasjonen i bygda.

Fattigbudsjettet gjekk ned år for år frå 1910, av di gamle vegarbeidarar og enkjene deira fekk pensjon av Stortinget når dei vart arbeidsuføre (Dalen 169).

Helsestell og sosiale trygder. Det første vi veit om helsestellet i Røldal kommune, er at kommunestyret avviste tilbod frå ein i 1843 som ville ta jordmoreksamen dersom ho fekk vissa om tilsetjing i bygda etterpå. Men først i 1873 vart jordmorstillinga utlyst. Ein vart plukka ut, sendt til skulen, og seinare tilsett som jordmor i Røldal.

I 1860 kom lov om at kvar kommune skulle ha ein sunnheitskommisjon. Kommunane vart delte i helsedistrikt med ein tilsynsmann i kvart distrikt. Røldal vart delt i tre helsedistrikt. (Dalen s.174-175, 178)

Kommunen fekk ikkje gamleheim, og det vart ikkje innført kommunale trygdeordningar. (Tilråding s.133)

2.8 SKULE

I 1857 vedtok kommunestyret etter framlegg frå skulekommisjonen, å byggja fastskule i Kyrkekrinsen (Dalen 167).

Kyrkekrinsen fekk nytt skulehus i 1919 (Dalen 168).

Kommuneinndelingskomiteen fortel at i 1961 var det 1 skulekrins med firedelt skule, og obligatorisk framhaldskule i Røldal (Tilråding s.133).

2.9 KULTUR OG KYRKJE

I 1858 løyvde kommunestyret midlar til eit "almuebibliotek". Kring 1870, i samband med bygginga av prestegarden, vedtok kommunen å avskipa kornmagasinet, og flytta magasinhuset bort til prestegarden, der det vart påbygd både i høgd og lengd og brukt til borgarstove (Dalen 167).

Kyrkja, som tidlegare hadde vore i privat eige, vart i 1899 overteken av kommunen.

2.10 KORNMAGASINET OG SPAREBANKEN

Røldal fekk kornmagasin i 1793. Frå 1822 skulle fattigkommisjonen ha oversynet med drifta. Utlånsverksemda kunne gje underskot, og då kommunestyret vedtok å avskipa kornmagasinet, var størsteparten av kornet utlånt. Det tok to år å få det inn att igjen. Magasinet vart avskipa i 1867. (Dalen 158)

I 1868 gjorde kommunestyret vedtak om at midlane skulle nyttast som fond, magasinfondet, med særskilde vedtekter som vart godkjende av amtet. Fondet skulle nyttast til utlån med pant i jordeigedom.

Då Røldal Sparebank vart skipa i 1928 vart noko av pengane nytta som grunnfond for banken, resten var sett inn i sparebanken. (Dalen s.160)

2.11 ELEKTRISITET

Heilt sidan 1918 hadde det vore drøfta å gå igang med bygging av eit elektrisk kraftverk for bygda. Men først i 1955 vart arbeid med kraftleidningsnett sett igang i Røldal og Suldal, og vinteren 1958 var arbeidet kome så langt at straumen kunne setjast på.

Røldal-Suldal Kraft A/S er no eit kraftverk som omfattar ei gruppe kraftverk i Røldal-Suldalssvassdraget i Odda og Suldal kommunar. Eigarane er Norsk Hydro og staten, med 50% på kvar. Hydro nyttar krafta til Hydro Aluminium på Karmøy, og staten nyttar sin del til Sør-Norge Aluminium A/S på Husnes.

2.12 KOMMUNESAMANSLÅINGA

Kommuneinndelingskomitéen gjorde i 1957 framlegg om at Røldal skulle halda fram som eigen kommune. Komiteen meinte då at dei geografiske tilhøva korkje for Odda eller Røldal ikkje var slik at samanslutning med andre naturleg kunna koma på tale. Røldal hadde greidd seg tolleg godt økonomisk, sjølv med eit lite, og noko minkande folketal. Dessutan låg Røldal godt samla slik at utbygging og administrasjon fall rimeleg. Komiteen rådde til at både Odda og Røldal fekk halda fram som eigne kommunar (Førebels s.110, 113).

Korkje Odda eller Røldal kommunar hadde merknader til dette (Tilråding s.133-134). I 1961 rådde komiteen framleis til at Odda og Røldal fekk halda fram som eigne kommunar utan endring av grensene (Tilråding s.135). Men samstundes peikte komiteen på at med den nye heilårsvegen som skulle koma mellom Røldal og Odda ville saka stilla seg noka annleis enn før, ettersom kommunikasjonstilhøva då ikkje ville vera noko hinder for ein samanslåing av dei to kommunane. Ein ville då rekna med at folk i Røldal ville koma til å tilby varer og arbeidskraft i Odda, slik at ein sams kommunal tilknytning ikkje ville vera urimeleg. Komiteen valte altså å oppretthalda konklusjonen om to kommunar, og nøydde seg med å reisa spørsmålet om samanslåing, men overlet til departementet å vurdera saka nærare (Tilråding s.134).

Ved kgl.res. av 21. juni 1963 vart Røldal slått saman med Odda, gjeldande frå 1. januar 1964.

Kjelder og litteratur:

Røldal kommune sitt arkiv

Tilråding = N. Schei m.fl.: Endeleg tilråding frå Kommuneinndelingskomiteen om kommuneinndelinga i Hordaland, Oslo 9. mars 1961.

Førebels = Kommuneinndelingskomiteens førebels tilråding om kommuneinndeling i Hordaland (iflg. Tilråding s. 1 og 133, vart denne gjeve 6. desember 1957)

Innstilling II = Kommunal- og arbeidsdepartementet: Om en revisjon av den kommunale inndeling - Prinsipielle retningslinjer. Innstilling II frå Kommuneinndelingskomiteen. Oslo 1952

Dalen = Dalen, Knut og Alma: Røldal bygdebok. Bergen 1960

Store Norske leksikon, 2.utg. Kunnskapsforlaget 1986 – 1992.

**KAPITTEL 3:
ARKIVLISTER**

OVERSYNSLISTE
021 RØLDAL FORMANNSKAP

Aa. 1 – 6	Møtebøker	1866 – 1964
Ab.1	Utskrift av møtebøker	1946 – 1961
Ba. 1 – 2	Kopibøker	1838 – 1963
Ca. 1 – 5	Journalar	1838 – 1964
Da. 1 – 23	Korrespondanse kronologisk ordna	1841 – 1964
Ea. 1 – 2	Pakkesaker	1866 – 1963
Æa.1	Trykksaker	1934
Åa. 1	Protokollar for val til kommunale styrer, utval og nemnder	1917 – 1964
Åb. 1	Val til ymse kommunale nemnder	1964

035 BYGGJENEMND FOR KOMMUNALE BYGG

Da. 1	Brev og rekneskap	1905 – 1908
Ea. 1	Korrespondanse og teikningar	1955 – 1964
Ga. 1	Teikningar	1956 – 1957

043 FORMANNSKAPET / VEGINTERESSENTAR

Aa.1	Møtebøker	1920 – 1928
Da.1	Korrespondanse	1913 – 1948

121 RØLDAL HERADSKASSE

Da. 1	Korrespondanse, kronologisk ordna	1941 – 1964
Ea 1	Korrespondanse, emneordna	1938 – 1964
Ga. 1 – 2	Budsjett	1937 – 1963
Ha. 1 – 3	Kassabøker	1902 – 1938
Hb. 1	Kassabok for barnetrygd	1947 – 1959
Hc. 1 – 2	Kassajournalar	1938 – 1964
Hd. 1 – 7	Kassamemorial	1942 – 1963
He. 1 – 12	Kontobøker/kontoblod for det ordinære budsjettet	1938 – 1963
Hf. 1 – 5	Kontobøker for drifts- og kapitalrekneskap	1942 – 1950
Hg. 1	Kontobok for Pensjons- og vikarkassa	1940 – 1950
Hh. 1 – 3	Kontobøker for aktiva og passiva	1942 – 1950
Hi. 1	Kontobok for alle andre konti	1938 – 1942
Hj. 1 – 7	Oppgjers- og statusbøker	1942 – 1960
Hk. 1 – 26	Kladd til oppgjers- og statusbøker	1936 – 1963
Hl. 1 – 4	Hovudbøker	1942 – 1963
Hm. 1 – 17	Tilvisingsbøker	1929 – 1962
Hn. 1	Kommunalstatistikk. Statistisk Sentralbyrå	1946 – 1963
Ho. 1 – 4	Rekneskapsvedlegg	1944 – 1949
Hp. 1	Kvitteringar, alders- og barnetrygd	1944 – 1948

	Hq. 1	Ymse rekneskap og vedlegg	1945 – 1962
	Hr. 1	Bankbøker Røldal Sparebank	1928 – 1954
	Hs. 1	Protokoll over kommunelån	1929
	Ia. 1 – 11	Utskrift av skattelikninga, kommuneskatt	1934 – 1961
	Ib. 1	Utskrift av skattelikninga, statsskatt	1939 – 1947
	Ic. 1 – 5	Skattedagbøker	1938 – 1957
	Id. 1 – 2	Skattelister for betalt skatt	1923 – 1949
	Ie. 1	Kontoblod for skatterekeskap	1958 – 1964
	If. 1	Restanselister	1922 – 1948
123	RØLDAL SKULEKASSE		
	Ga. 1 – 9	Rekneskapsbøker. Driftsrekneskapsbøker for skulekrinsane	1857 – 1937
131	RØLDAL KOMMUNEREVISJON		
	Ga. 1	Revisjonsmerknader	1923 – 1935
	Gb. 1	Revisjonsmerknader frå fylkesrevisoren	1945 – 1952
142	RØLDAL LIKNINGSNEMND		
	Aa. 1 – 3	Møtebøker / Likningsprotokollar	1883 – 1963
	Ac. 1	Klagehandsaming og etterlikning	1952 – 1963
	Ca. 1	Postjournal	1940 – 1963
	Fa. 1 – 4	Likningsprotokollar. Kommune- og statsskatt	1937 – 1962
	Fb. 1	Likningsprotokoll. Statsskatt	1930 – 1949
	Ga 1 – 39	Kladdelister	1939 – 1962
181	RØLDAL HERADSKOMMISJON		
	Aa. 1	Møtebok	1864 – 1868
211	RØLDAL SKULESTYRE		
	Aa. 1 – 2	Møtebøker	1843 – 1963
	Aø. 1	Møtebøker for byggjenemnd, Lone lærarbustad	1932 – 1933
	Ba. 1	Kopiar av utgåande brev	1950 – 1954
	Ca. 1 – 3	Postjournalar	1890 – 1963
	Da. 1	Korrespondanse kronologisk ornda	1947 – 1967
	Ea. 1 – 2	Korrespondanse emneordna	1930 – 1963
	Eb. 1	Søknader om lærarpostar	1945 – 1963
	Ga. 1	Eksamensportokoll	1849 – 1863
	Ha. 1	Rapportar om skulehald	1821
	Ra. 1 – 4	Tilvisingsbøker	1926 – 1963
	Rb. 1	Rekneskapsvedlegg, bygging av Grove skule	1919 – 1926
	Rc. 1	Framlegg til budsjett	1958 – 1959
	Rø. 1	Ymse vedlegg	1944 – 1960

231	SKULEKRINSAR OG SKULAR I RØLDAL	
	Aa. 1 – 2	Møtebøker for tilsynsutvala 1890 – 1958
	Ga. 1 – 7	Dagbøker frå ymse krinsar 1872 – 1945
	Ha. 1 – 3	Karakterprotokollar frå ymse krinsar 1864 – 1900
268	RØLDAL BYGDEBOKNEMND	
	Ra. 1 – 3	Rekneskap 1960 – 1965
275	RØLDAL FOLKEBOKSAMLING	
	Fa. 1 – 4	Tilvekstlister 1909 – 1974
	Ga. 1 – 2	Utlånsprotokollar 1946 – 1967
	Ra. 1 – 2	Rekneskap og tilvekst 1938 – 1963
311	RØLDAL FATTIGKOMMISJON / STYRE (sosialstyret)	
	Aa. 1 – 2	Møtebøker 1845 – 1942
	Ba. 1	Kopibøker 1865 – 1901
	Ca. 1	Postjournal 1865 – 1953
	Da. 1	Korrespondanse 1880 – 1893
	Ga. 1	Likningsprotokoll for fattigvesenet 1864 – 1883
	Ra. 1	Tilvisningsbok 1901 – 1940
315	RØLDAL HUSMORVIKARNEMND	
	Aa. 1	Møtebok 1960 – 1961
	Ga. 1	Dagbok 1960 – 1964
316	RØLDAL BARNEVERNSNEMND	
	Aa. 1	Møtebok 1954 – 1963
352	RØLDAL TRYGDEKASSE	
	Ga. 1 – 2	Arbeidsgjevarprotokollar 1956 – 1961
354	RØLDAL TRYGDENEMND. ALDERSTRYGA	
	Aa. 1	Møtebok 1937 – 1958
	Ca. 1	Postjournal 1937 – 1958
	Fa. 1	Pensjonskriav 1937 – 1958
	Ha. 1 – 2	Kassabøker 1937 – 1958
	Ka. 1	Kontobok 1937 – 1938
355	RØLDAL BARNETRYGDNEMND	
	Ca. 1	Postjournal 1947 – 1954

461	RØLDAL ARBEIDSNEMND (Det stedlige arbeidstilsyn)	
	Aa. 1 – 2 Møtebøker	1923 – 1937
	Ca. 1 Postjournal	1938 – 1963
	Ga. 1 Lister. Bedriftsfortegnelse	1938
571	RØLDAL ELEKTRISITETSNEMND	
	Aa. 1 Møtebok	1946 – 1967
	Ga. 1 – 3 Prosjektarbeid	1920 – 1956
572	RØLDAL OG ØVRE SULDAL KRAFTLAG	
	Aa. 1 Møtebok (sjå 571 Aa. 1)	1955 – 1967
	Da. 1 Brev, inn- og utgåande	1958 – 1967
	Ea. 1 Korrespondanse	1961 – 1965
	Ga. 1 – 3 Tilvisingsbøker	1955 – 1965
	Ia. 1 Kontokort	1958 – 1959
	Ra. 1 Budsjett	1958 – 1965
	Rc. 1 Rekneskap	1959 – 1965
611	RØLDAL SMÅBRUK- OG BUSTADNEMND	
	Ga. 1 Fullmakter	1950 – 1955
621	RØLDAL JORDSTYRE	
	Ga. 1 Kassabok	1952 – 1963
661	RØLDAL KORNMAGASIN	
	Ea. 1 Korrespondanse	1819 – 1869
	Ga. 1 Liste over utlån	1802 – 1867
812	RØLDAL OVERFORMYNDERI	
	Aa. 1 Møtebok	1879 - 1953
	Ba. 1 Kopibok	1934 – 1950
	Ca. 1 – 2 Postjurnalar	1879 – 1963
	Ea. 1 Korrespondanse	1881 – 1962
	Ga. 1 Mindre rulle	1924 – 1956
	Ja. 1 Uskiftebok	1920 – 1963
	Ka. 1 Register over umyndige og verjer	1933 – 1963
	Ra. 1 – 2 Rekneskap. Revisjon. Merknader.	1880 – 1952
840	RØLDAL PROVIANTERINGSRÅD	
	Aa. 1 Møtebok	1916 – 1923
	Ba. 1 Kopibok	1916 – 1920
	Ea. 1 Korrespondanse (Forsyningsnemnda)	1950 – 1955
	Ra. 1 Kassajournal	1916 - 1923
	Rb. 1 Kontobok	1916 – 1919
	Rø. 1 Ymse lister og kvitteringar	1916

KOMMUNE	1229	RØLDAL
ARKIVSKAPAR	021	FORMANNSKAPET
ARKIVSERIE	Aa	MØTEBØKER

Nr.	Innhald	Tidsrom
0001	Møtebok for formannskap og heradstyre	1866 – 1894
0002	Møtebok for formannskap og heradstyre	1894 – 1915
0003	Møtebok for formannskap og heradstyre	1915 – 1932
0004	Møtebok for formannskap og heradstyre	1932 – 1952
0005	Møtebok for formannskap og heradstyre	1953 – 1962
0006	Møtebok for formannskap og heradstyre	1962 – 1964

KOMMUNE	1229	RØLDAL
ARKIVSKAPAR	021	FORMANNSKAPET
ARKIVSERIE	Ab	UTSKRIFTER AV MØTEBØKER

Denne serien inneheld gjenpartar av utskrifter av møteboka, og einskilde kopiar av utgåande brev.

Nr.	Innhald	Tidsrom
0001	Utskrifter av møtebøker	1946 – 1961
	Lakune 1956 – 1958	

KOMMUNE	1229	RØLDAL
ARKIVSKAPAR	021	FORMANNSKAPET
ARKIVSERIE	Ba	KOPIBØKER

Nr.	Innhald	Tidsrom
0001	Kopibok, protokoll Lakune 1873 – 1959	1838 – 1872
0002	Kopi av utsende brev	1960 – 1963

KOMMUNE	1229	RØLDAL
ARKIVSKAPAR	021	FORMANNSKAPET
ARKIVSERIE	Ca	POSTJOURNALAR

Nr.	Innhald	Tidsrom
0001	Postjournal	1838 – 1883
0002	Postjournal	1883 – 1919
0003	Postjournal	1920 – 1952
0004	Postjournal	1952 – 1959
0005	Postjournal	1959 – 1964

KOMMUNE	1229	RØLDAL
ARKIVSKAPAR	021	FORMANNSKAPET
ARKIVSERIE	Da	KRONOLOGISK ORDNA KORRESPONDANSE

Nr.	Innhald	Tidsrom
0001	Kronologisk ordna korrespondanse	1841 – 1861
0002	Kronologisk ordna korrespondanse Laukne 1879 – 1890	1862 – 1878
0003	Kronologisk ordna korrespondanse Lakune 1911 – 1924	1891 – 1910
